


Bok 3 av Tor Bringedal vert presentert på møte i Grendahuset søndag 2. desember.

Frå Bringedalsbygda til Herøysund. Bygdehistorie frå 1850-2018 er bok nr 3 i ein serie om lokalhistorie frå Kvinnherad kommune. I denne boka er lokalhistoria avgrensa til berre å omfatta bygda som dei fleste i dag kallar Herøysund. Som tittelen seier, er dette ei bygdehistorie. Det er ikkje ei slektshistorie, og heller ikkje ei gardshistorie der kvart individ på garden er teke med. Boka vert presentert søndag 2. desember kl. 16 på møte i Grendahuset.

Bygda har vore gjennom ein kraftig vekst i folketalet dei siste 60-åra, og svært mange av bygdefolket er utan lange røter i bygda. Med denne boka får ein sjansen til å læra bygdehistoria betre å kjenna. Det har alltid vore hevda at bygda var mellom bygdene i Kvinnherad som hadde størst utvandring. Den periodevis sterke

utvandringa endra i svært stor grad eigarstrukturen i bygda med ei innflytting, særleg på slutten av 1800-talet, som best kan samanliknast med tida etter industriutbygginga på 1960-talet.



Tor Bringedal har før skrive bøkene Kvinnherad 1837 - 1945 og Kvinnherad 1945 - 1965.

Krigshendingane i april dagane i 1940 er sjølv sagt omhandla i boka. Herøysund fekk krigen tettare innpå livet enn dei fleste andre bygder i kommunen. Skulen har vore sentral i bygda like frå det første faste skulehuset i 1860-åra. Kampen for å få ha skule i bygda har vore ført frå 1950-åra til i dag, og den er enno ikkje avslutta. Skuleutviklinga har fått eit eige kapittel i boka.

Bygda har hatt eit blømande lagsliv som har vore viktige for utviklinga. Det har vore gjort eit omfattande arbeid for å skaffa fram mest mogeleg dokumentasjon om over 20 frivillige lag som eksistrer, eller har eksistert, i bygda. Desse lagshistoriene har fått eit eige kapittel. Det vart gjennomført stadnamninnsamlingar tre gonger på 1900-talet. Materialet er tilsynelatande dødt og vanskeleg tilgjengeleg. Dessutan har det vore store endringar etter den siste innsamlinga i 1970-åra. Det nye stadnamnregisteret er difor ein viktig del av boka.

Mange timars intervju med ei rekkje i bygdefolk i 80- og 90-årsalderen har vore svært gode kjelder til perioden frå rundt 1930. Nokre av dei flytta frå bygda i ungdomsalderen, men felles for alle er imponerende hukommelse og forteljarglede. Difor går det ei spesiell takk for hjelp til Gerd Helvik, Jakob Helvik, Astrid Holmedal, Bjørg Torkelsen, Elen Huse Fausk, Asta Helvik, Bjarne Røssland, Gerd Stoknes og Sverre Martin Rødsten.

Det er også all grunn til å peika på materiale etter Gunnar Skogtun som viktige kjelder for arbeidet. I tillegg til desse personane har svært mange bygdefolk og andre vore til hjelp under arbeidet. Eg finn det likevel rett å nemna spesielt Hermund Fenne og Lars Henrik Skogtun. I innsamlingsarbeidet har eg fotografert fleire tusen dokument som utgjer ein viktig database. Denne dokumentasjonen bør kunna vera utgangspunkt for eit seinare arbeid med å tilretteleggja eit lokalt bygdearkiv.

Boka vert seld på nettet og ved personleg kontakt. Det vert lagt opp til sal både i Uskedalen og på Husnes. Meir informasjon kjem seinare.

Tekst/foto: Tor Bringedal
Nett. Kristian Bringedal